

## **Overføring frå 2014 til 2015 innan grunnbevilgninga**

Fakultetsstyret vedtok i møte 5. februar 2015 å godkjenne rekneskapet for 2014, og fakultetet varsla samtidig at vi ville komme tilbake med ei eiga sak om handtering av overføringane i fakultetsstyremøtet i mars.

Fakultetet overførte 28,2 millionar kroner frå 2013, samtidig som fakultetet hadde forpliktingar inn mot eigenandelar til eksterne prosjekt, utstyr etc. i 2014 som overgjekk det overførte beløpet. Utgangspunktet for økonomiåret 2014 var betydeleg nedgang i resultatinntekter (minus 14,4 millionar kroner i høve til året før, samtidig som institutta fekk vidareført auka resultatinntekter på 7,9 millionar kroner) og rammekutt frå sentralnivå (10,2 millionar kroner). Dette vart delvis handtert ved rammekutt til institutta (16,2 millionar kroner) og delvis ved å budsjetttere med underskot (12,8 millionar kroner) på fakultetet sine felleskontoar.

Når overføringa til 2015 likevel enda på 15,9 millionar kroner, skuldast det forsiktig bruk og naturlege forseinkingar. Særleg gjaldt dette eigenandelar knytt til større satsingar og sentre, samt utstyrsinvesteringar. Sjølv om fakultetet overfører eit betydeleg beløp til 2015 har fakultetet bygd ned overføringane frå 2013 med 12,3 millionar kroner, og har følgjeleg hatt eit driftsunderskot i 2014 på 12,3 millionar kroner.

Overføringa til fakultetet utgjer 2,7 % av grunnbevilgninga. Sidan universitetsstyret har vedtatt at fakulteta berre får disponere 2 % fritt, har fakultetet med bakgrunn i forpliktingar i 2015 sokt om å få disponere heile overføringa frå 2014.

Universitetsstyret handsama overføringane i møte 12. februar 2015, og vedtok at fakultetet får overføre overføringane i si heilheit, med unntak av ubrukne driftsmidlar basert på publisering. Som tidlegare år vert desse midlane trekt inn. Samtidig vedtok universitetsstyret at ordninga med vurdering av fakulteta sine overføringar skal vidareførast, men at terskelen vert auka frå 2 % til 3 %.

Tabell 1 gir oversikt over forpliktingar som fakultetet overfører til 2015. Tabellen viser at fakultetet si overføring til 2015 er lågare enn det beløpet fakultetet har bunde opp i eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, planlagde utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak i 2015.

**Tabell 1 Forpliktingar 2015, lista er ikkje uttømmande**

Hovudtiltak	Tekst	Prosjekt	Institutt	Beløp
SFF	Birkelandsenteret	000000	IFT	1 000 000
	Bjerknes-uib	000000	GFI	810 000
ERC	25 % tilleggsfinansiering frå UiB tildelt Fomin og Saket	700910	II	2 192 000
	25 % tilleggsfinansiering frå UiB tildelt Østgaard	700910	IFT	1 977 000
	25 % tilleggsfinansiering frå UiB tildelt Thingstad	700910	BIO	612 000
Andre BOA-eigenandelar	Tungrekeressurs. Kontraktsfesta eigenandel	700910	II	1 720 000
	Elixir.no. Kontraktsfesta eigenandel	700910	II	1 100 000
SFU	SFU bioCeed	000000	BIO	500 000
Post-FUGE	Forseinkningar CBU	000000/710005	CBU	3 738 000
Lisensinntekter frå BTO	Lisensinntekter frå BTO	000000	BIO	1 748 000
Investeringar/utstyr	Diverse tildelingar	720009	IFT	1 852 000
	Diverse tildelingar	720009	KI	1 200 000
	Diverse tildelingar	720009	MBI	3 325 000
	Diverse tildelingar	720009	GFI	2 180 000
	Diverse tildelingar	720009	GEO	1 854 000
	Diverse tildelingar	720009	BIO	896 000
	Forpliktelse CERN-prosjekt	720009	MN-felles	335 000
Likestillingsmidlar	II-stillingar og likestillingstiltak	700028/000000	Alle	1 096 000
	Likestillingstiltak 2014 som ikkje er vidareført	720028/000000	MN-felles	1 842 000
Etter- og vidareutdanning	Etter- og vidareutdanning II	700117	II	579 000
	Etter- og vidareutdanning IFT	700117	IFT	368 000
	Etter- og vidareutdanning Skolelab	720026	MN-felles	500 000
Diverse	Flytting av laboratorium for kjemisk oseanografi	000000	GFI	700 000
	Akonto fellesbidrag som ikkje er vidareført	000000	MN-felles	760 000
				<b>32 884 000</b>

## 1 Justering i overføringane til institutta

Det er gjennom 2014 varsla at fakultetet sine felleskontoar har eit større underskot. Dette er resultat av ein bevisst strategi der ein har fordelt meir inntekter til institutta enn ein har fått inn, for å spreie effekten av resultatnedgangen i 2014 over fleire år. Ubalansen som i 2014 er bygd opp mellom fakultetsnivået og instituttnivået ser vi på som temporær, og det å jamne ut denne ubalansen vil vere ein prioritert framover.

Samtidig viser tabell 2 at det er til dels store variasjonar i institutta sine akkumulerte overføringsbehov. Underforbruk vert vist med minus framfor beløpet.

**Tabell 2 Akkumulert under- og overforbruk 2014**

Avdeling	Resultat 2014
1200 MN-felles	7 144 000
1201 Fakultetsadministrasjon	1 498 000
1211 Matematisk institutt	1 281 000
1212 Institutt for informatikk	-7 866 000
121212 CBU	-3 768 000
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-7 068 000
1231 Kjemisk institutt	3 864 000
123130 CIPR-Uib	-967 000
1232 Molekylærbiologisk institutt	-1 518 000
1244 Geofysisk institutt	-5 875 000
124410 Bjerknes-Uib	-966 000
1250 Institutt for geovitenskap	-1 425 000
1260 Institutt for biologi	-844 000
1280 Senter for geobiologi	460 000
1290 Senter for klimadynamikk	84 000
1292 Nifes	88 000
<b>Totalt</b>	<b>-15 878 000</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

Som nemnt i førre fakultetsstyremøte er fakultetsleiinga uroa over nokre av institutta sine budsjett og ubalansen i overføringane mellom institutta. Fakultetsleiinga har avtalt økonomimøter med alle institutta der mellom anna dette vil vere tema.

Fakultetsleiinga erkjenner at det ved fleire institutt er for høg aktivitet i høve til dagens inntekter og sannsynlegvis framtidige inntekter. Fakultetsleiinga vil ha fokus på å tilpasse fagleg aktivitet etter inntekter i tida framover, men for å gi institutta eit lite pusterom i ein omstillingfasen etter rammekutta dei siste åra, foreslår fakultetet å auke overføringane etter 2014 med ca. 7,8 millionar kroner. Dette svarar til 2 % av institutta sine rammer for 2014, og vil ikkje vere ein inntektsauke som vert lagt til ramma, men eit eingongstilskot i samband med overføringa frå 2014.

Dei tre institutta som har størst overføringar frå 2014 (Institutt for informatikk (II), Institutt for fysikk og teknologi (IFT) og Geofysisk institutt (GFI)) har samla eit akkumulert underforbruk på 25,5 millionar kroner. Mykje av overføringane til desse institutta kjem i stor grad av god utteljing i ekstern konkurranse om midlar, og dei kjem godt ut i konkurransen på sentrale midlar både på sentralnivå og fakultetsnivå.

Fakultetet har allereie hatt møter med desse tre institutta, der det har vore dialog rundt ein mogleg reduksjon i overføringane. Det vert foreslått at dei samla overføringane til desse institutta vert redusert med ca. 5,4 millionar kroner som vist i tabell 3 under. Samtidig vil desse institutta få tilskot, som dei andre institutta, på totalt 2,4 millionar kroner, dvs. at avkortinga for kvart av institutta vert 1 million kroner. Til gjengjeld får II, IFT og GFI tildelt kvar sin stipendiatsstilling for 4 år, til ein samla verdi på ca. 3,5 millionar kroner (etter dagens sats) over fire år, utan at institutta kjem därlegare ut i konkurransen om andre stipendiatsstillingar. Stipendiatsstillingane vert tildelt utan konkret øyremerking, slik at instituttleiar kan nytte den fritt innan instituttet sin strategi.

Til sist er det gjort justeringar i overføringane på ubrukte driftsmidlar basert på publisering. Fakultetet får som nemnt ikkje overført desse midlane, og restmidlar knytt til desse tildelingane er difor trekt ut frå institutta sine overføringar. I tillegg er saldoar knytt til fakultetsadministrasjon og Nifes overført til MN-felles.

Tabell 3 viser overføringane frå 2014, med dei justeringane som er nemnt over. Siste kolonne viser forslag til overføring til 2015. I vedlegg vises overføring pr. institutt pr. prosjekt.

**Tabell 3 Overføringar til 2015 med justeringar**

Avdeling	Resultat 2014	Tilskot tilsvarende 2 % av ramme 2014	Redusert overføring	Andre justeringer*	Overføring til 2015
1200 MN-felles	7 144 000			1 586 000	8 730 000
1201 Fakultetsadministrasjon	1 498 000			-1 498 000	0
1211 Matematisk institutt	1 281 000	-823 000		-9 000	449 000
1212 Institutt for informatikk	-7 866 000	-816 000	1 816 000		-6 866 000
121212 CBU	-3 768 000				-3 768 000
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-7 068 000	-1 020 000	2 020 000		-6 068 000
1231 Kjemisk institutt	3 864 000	-953 000		26 000	2 937 000
123130 CIPR-Uib	-967 000				-967 000
1232 Molekylærbiologisk institutt	-1 518 000	-544 000		10 000	-2 052 000
1244 Geofysisk institutt	-5 875 000	-577 000	1 577 000	-3 000	4 878 000
124410 Bjerknes-Uib	-966 000				-966 000
1250 Institutt for geovitenskap	-1 425 000	-1 241 000		29 000	-2 637 000
1260 Institutt for biologi	-844 000	-1 869 000			-2 713 000
1280 Senter for geobiologi	460 000				460 000
1290 Senter for klimadynamikk	84 000				84 000
1292 Nifes	88 000			-88 000	0
<b>Totalt</b>	<b>-15 878 000</b>	<b>-7 843 000</b>	<b>5 413 000</b>	<b>53 000</b>	<b>-18 255 000</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

\* Saldo Fakultetsadministrasjon og NIFES overføres til MN-felles


Publiseringsmidlar (Fagerberg) vert ikkje overført til påfølgjande år

Resten av inndeningsbehovet knytt til tilskotet er på ca. 2,4 millionar kroner, og er tenkt dekka gjennom ekstra resultatmidlar knytt til RBO. Den resultatbaserte omfordelinga (RBO) til universitet og høgskular er styrka med totalt 50 millionar kroner knytt til EU-indikatoren, der 12,2 millionar kroner er fordelt til UiB. Universitetsstyret vedtok i møte 12.2.2015 (sak 7/15) at desse midlane skal vidarefordelast etter UiB sin resultatmodell, og ca. 5,3 millionar kroner er fordelt til MN-fakultetet.

Etter at tilskotet til overføringa er dekka vil det stå igjen ca. 2,9 millionar kroner av dei ekstra RBO-midlane. Fakultetsleiinga foreslår det desse midlane vert brukt til å redusere MN-felles sitt underskot for 2015 som, inkl. overføring og forpliktingar overført frå 2014, er på ca. 12,9 millionar kroner.

Figur 1 viser institutta og MN-felles sine overføringar frå 2007 fram til 2015. Tabell over overføringane for same periode er lagt ved.

**Figur 1 Overføringer pr institutt frå 2007 - 2015**



Inntekt med minus framfor beløpet

## 2 Kommentarar til overføringa pr. avdeling/institutt

Nedanfor fylgjer korte kommentarar pr. institutt. Overføringer ved institutta må sjåast i samanheng med eventuelle forpliktingar i tabell 1 over.

### MN-Felles

MN-felles, inkl. fakultetsadministrasjonen, overfører eit underskot på 8,7 millionar kroner til 2015. Samtidig har fakultetet forpliktingar frå 2014 som må overførast til 2015 på ca. 3,5 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna likestilling.

Dei ekstra RBO-midlane på 2,9 millionar kroner gjer at MN-felles sitt samla underskot i 2015 vert redusert til 10 millionar kroner.

### **Matematisk institutt (MI)**

Matematisk institutt har eit akkumulert overforbruk på ca. 1,3 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet likevel berre overfører eit underskot på kr 449 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 0,7 millionar kroner.

### **Institutt for informatikk (II)**

Institutt for informatikk, inkl. CBU, har eit akkumulert underforbruk på ca. 11,6 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet likevel berre overfører eit overskot på kr 10 634 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 11,7 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna CBU og eigenandelar knytt til ERC, tungrekning, og Elixir.

Instituttet vil i 2015 få tildelt ein stipendiatstilling for fire år.

### **Institutt for fysikk og teknologi (IFT)**

Institutt for fysikk og teknologi har eit akkumulert underforbruk på ca. 7,1 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet likevel berre overfører eit overskot på kr 6 068 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 8,2 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna utstyrsinvesteringar og eigenandelar knytt til SFF og ERC.

Instituttet vil i 2015 få tildelt ein stipendiatstilling for fire år.

### **Kjemisk institutt (KI)**

Kjemisk institutt, inkl. CIPR-UiB, har eit akkumulert overforbruk på ca. 2,9 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet likevel berre overfører eit underskot på kr 1 970 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 1,9 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna utstyrsinvesteringar.

### **Molekylærbiologisk institutt (MBI)**

Molekylærbiologisk institutt har eit akkumulert underforbruk på ca. 1,5 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet overfører eit overskot på kr 2 052 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 3,3 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til utstyrsinvesteringar.

### **Geofysisk institutt (GFI)**

Geofysisk institutt har eit akkumulert underforbruk på ca. 6,8 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet likevel berre overfører eit overskot på kr 5 844 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 4,4 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna utstyrsinvesteringar og eigenandelar knytt til SFF.

Instituttet vil i 2015 få tildelt ein stipendiatstilling for fire år.

#### **Institutt for geovitenskap (GEO)**

Institutt for geovitenskap har eit akkumulert underforbruk på ca. 1,4 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet overfører eit overskot på kr 2 637 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 4,7 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna utstyrsinvesteringar.

#### **Institutt for biologi (BIO)**

Institutt for biologi har eit akkumulert underforbruk på ca. 0,8 millionar kroner i 2014. Justeringane som nemnt over fører til at instituttet overfører eit overskot på kr 2 713 000 til 2015.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2014 på ca. 3,9 millionar kroner. Som det går fram av tabell 1 er dei største forpliktingane knytt til mellom anna lisensinntekter, utstyrsinvesteringar, SFU og eigenandelar til ERC.

#### **Senter for geobiologi (CGB)**

Senter for geobiologi har eit akkumulert underforbruk på 460 000 kroner i 2014.

#### **Senter for klimadynamikk ved Bjerknessenteret (SKD)**

Kostnadane for SKD vert kvar tertial overført til ein sentral stadtkode (191000) der inntektene vert stilt til disposisjon. Ved årsslutt skulle difor fakultetet sin interne stadtkode for SKD gått i balanse, men grunna nokre seine belastningar står det igjen ein saldo på ca. 84 000 kroner på SKD. Dette vert flytta til sentral stadtkode i 2015.

### **3 Forslag til vedtak**

Fakultetsstyret vedtok samla fakultetsdirektøren sitt forslag om å:

1. Redusere overføringa til Institutt for informatikk, Institutt for fysikk og teknologi og Geofysisk institutt som vist i tabell 3, samtidig som at desse institutta får tildelt kvar sin stipendiatstilling i 2015.
2. Gi alle institutta eit tilskot tilsvarende 2 % av institutta sine rammer for 2014, der tilskotet dels vert dekka inn av redusert overføring til institutta nemnt i punkt 1 og dels ved å nytte ekstra tildeling av RBO-midlar.
3. Overføre over- og underskot frå 2014 til institutta og avdelingane i samsvar med følgjande tabell:

<b>Avdeling</b>	<b>Overføring frå 2014 til 2015</b>
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	8 730 000
1211 Matematisk institutt	449 000
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-10 634 000
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-6 068 000
1231 Kjemisk institutt inkl CIPR-UiB	1 970 000
1232 Molekylærbiologisk institutt	-2 052 000
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UiB	-5 844 000
1250 Institutt for geovitenskap	-2 637 000
1260 Institutt for biologi	-2 713 000
1280 Senter for geobiologi	460 000
1290 Senter for klimadynamikk	84 000
	<b>-18 255 000</b>

*Inntekt med minus framfor beløpet*

4. Nytte resten av RBO-tildelinga til å dekke underskot på MN-felles.

Bergen, 19.3.2015

Elisabeth Müller Lysebo  
fakultetsdirektør

Vedlegg: 1. Overføring til 2015, spesifisert etter prosjekt  
2. Overføringar pr. institutt frå 2007 fram til 2015

## Vedlegg 1 Overføring til 2015, spesifisert etter prosjekt

Sted	Prosjekt	Overføring pr prosjekt	Total overføring
120000 MN-felles	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700237 Mottak nye studenter 710006 Studiekvalitetstiltak 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond 720020 Postdoktorer 720026 Kapasitetstyrking EVU for lærere	14 463 000 -1 669 000 -10 000 -100 000 -1 195 000 -572 000 -1 687 000 -500 000	<b>8 730 000</b>
121100 Matematisk institutt	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700910 Egenfinansiering BOA 710006 Studiekvalitetstiltak 710022 Internasjonalisering 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720009 Vit.utstyr/forskn.fond	1 176 000 -329 000 -216 000 -24 000 -8 000 -17 000 -133 000	<b>449 000</b>
121200 Institutt for informatikk	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700117 Etter- og videreutdanning 700910 Egenfinansiering BOA 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-1 116 000 -113 000 -579 000 -5 013 000 1 000 157 000 -203 000	
121212 CBU	000000 Uspesifisert 710005 Strategisk satsning	-2 444 000 -1 324 000	<b>-10 634 000</b>
122400 Institutt for fysikk og teknologi	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700117 Etter- og videreutdanning 700267 Teknvest 700910 Egenfinansiering BOA 710022 Internasjonalisering 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond 720020 Postdoktorer	-404 000 106 000 -368 000 -382 000 -3 069 000 -181 000 -55 000 -1 852 000 137 000	<b>-6 068 000</b>
123100 Kjemisk institutt	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700910 Egenfinansiering BOA 710006 Studiekvalitetstiltak 710020 Forskerinitierte prosjekter 710021 Nano 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond	4 676 000 -210 000 -10 000 -169 000 -234 000 -99 000 176 000 -1 193 000	
123130 CIPR-Uib	700910 Egenfinansiering BOA	-967 000	<b>1 970 000</b>
123200 Molekylærbiologisk institutt	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700910 Egenfinansiering BOA 710022 Internasjonalisering 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond 720020 Postdoktorer	1 040 000 137 000 -197 000 -53 000 12 000 -4 000 -3 039 000 52 000	<b>-2 052 000</b>
124400 Geofysisk institutt	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700900 Saldering bidragsprosjekter 700910 Egenfinansiering BOA 710005 Strategisk satsning 710022 Internasjonalisering 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-2 883 000 -298 000 -27 000 -278 000 76 000 42 000 -115 000 -1 395 000	
124410 Bjerknes-Uib	000000 Uspesifisert 700910 Egenfinansiering BOA	-156 000 -810 000	<b>-5 844 000</b>
125000 Institutt for geovitenskap	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700112 Hovedtillitsvalgte 700910 Egenfinansiering BOA 710022 Internasjonalisering 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond 720020 Postdoktorer	-4 000 -249 000 -18 000 133 000 -100 000 128 000 -2 750 000 -1 854 000 2 077 000	<b>-2 637 000</b>
126000 Institutt for biologi	000000 Uspesifisert 700028 Likestillingsarbeid 700900 Saldering bidragsprosjekter 700910 Egenfinansiering BOA 710006 Studiekvalitetstiltak 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 720006 Stipendiater 720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-1 196 000 -76 000 53 000 -612 000 -39 000 8 000 29 000 -880 000	<b>-2 713 000</b>
128000 Senter for geobiologi	000000 Uspesifisert 700910 Egenfinansiering BOA	745 000 -285 000	<b>460 000</b>
129000 Senter for klimadynamikk	000000 Uspesifisert 720006 Stipendiater 720020 Postdoktorer	-2 786 000 708 000 2 162 000	<b>84 000</b>
<b>Totalt</b>		<b>-18 255 000</b>	<b>-18 255 000</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

## Vedlegg 2 Overføringer pr. institutt fra 2007 fram til 2015

Avdeling	Overføring fra 2007 til 2008	Overføring fra 2008 til 2009	Overføring fra 2009 til 2010	Overføring fra 2010 til 2011	Overføring fra 2011 til 2012	Overføring fra 2012 til 2013	Overføring fra 2013 til 2014	Overføring fra 2014 til 2015
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	16 662 300	8 959 900	-4 869 500	-5 388 400	-4 812 100	-5 216 200	-7 256 200	8 730 000
1211 Matematisk institutt	-4 022 800	-568 400	-4 681 200	-1 454 600	-1 212 200	-1 000	-194 300	449 000
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-5 014 500	-3 578 500	-4 211 100	-4 394 200	-3 636 700	-6 169 900	-7 211 600	-10 634 000
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-3 385 600	-4 508 300	-7 037 100	-2 626 100	-618 100	-108 800	-3 338 100	-6 068 000
1231 Kjemisk institutt inkl CIPR-UiB	1 446 200	1 997 700	-1 240 000	-2 955 500	-1 173 300	-734 500	1 136 500	1 970 000
1232 Molekylærbiologisk institutt	1 145 800	57 600	-927 300	-660 000	-22 500	227 300	-1 862 900	-2 052 000
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-Uib	-3 148 800	-2 990 800	-4 326 000	-4 146 600	-5 025 400	-6 286 800	-8 361 700	-5 844 000
1250 Institutt for geovitenskap	-2 164 800	-3 683 400	-4 682 300	-1 092 000	2 068 100	66 500	1 633 100	-2 637 000
1260 Institutt for biologi	4 527 200	-1 088 900	-7 647 900	1 635 900	3 971 400	-1 360 300	-1 187 200	-2 713 000
1280 Senter for geobiologi	-187 900	-1 491 200	1 789 600	450 500	-261 100	-2 317 700	-1 684 700	460 000
1290 Senter for klimadynamikk					-8 386 500	152 500	153 000	84 000
	<b>5 857 100</b>	<b>-6 894 300</b>	<b>-37 832 800</b>	<b>-20 631 000</b>	<b>-19 108 400</b>	<b>-21 748 900</b>	<b>-28 174 100</b>	<b>-18 255 000</b>

Inntekt med minus framfor beløpet